



Invitasjon til

# Nasjonal tevling i husflid, handverk & design

## Dyrsku'n 13. - 15. september 2024

### Velkomen til å sende inn ditt bidrag til husflidstevlinga/-utstillinga på Dyrsku'n!

Tevlinga er den største i sitt slag i landet, og har vore ein del av Dyrsku'n sidan 1960-talet. Husflid, handverk og design er viktige pilarar i arrangementet, og vi er stolte av å både kunne oppretthalde og vidareutvikle denne avdelinga på Dyrsku'n.

Tevlinga har som mål å ta vare på både tradisjon, nyskaping, kvalitet, breidde og mangfald. I tillegg ynskjer vi å bidra til ei auka rekruttering til dei estetiske faga. Det er oppretta eigne rekruttklasser som gjev elevar, studentar, lærlingar og andre som er i ein form for læresituasjon, ein arena med høve til å få ei god og rettferdig vurdering av arbeidet sitt.

Det vert tevla i kategoriane tekstil, tre, sylv, kniv, smiing og keramikk. Dommarane legg spesiell vekt på å vere gode rådgjevarar, og det vert stilt krav til å komme med konstruktive tilbakemeldingar på vurderingskjemaet. Det er viktig at du som utøvar får relevante kommentarar på arbeidet for å forbetre handverket og/eller designet.

Vedlagt fylgjer skjema for påmelding med reglement og rettleiing, samt brosjyre med informasjon. Vi håpar at mange vil sjå verdien av å delta, og er glade for at du spreier informasjonen i ditt nettverk.

Det er justert på klasseinndeling på kniv, sjekk vedlagt link.

Vi gjer merksam på at det må sendast inn eitt skjema pr. innsendte produkt. Informasjon om gjeldande kategoriar og klasser finn du i rettleiinga for utfylling av påmeldingskjemaet. Skjemaet for påmelding finn du i linken vedlagt. Skjemaet er i PDF-format for utskrift og manuell utfylling. På heimesida vår finn du og anna nyttig informasjon om Dyrsku'n og husflidstevlinga.

### **Frist for påmelding og innlevering av produkt er fredag 16. august.**

**NB: Påmeldingar som kjem inn etter fristen vert ikkje med i tevlinga – ver derfor ute i god tid.**

Ved spørsmål, ta kontakt med:

**Dyrsku'n Arrangement AS** Wilde Vosgraff | mobil 472 38 213 | vv@vtm.no Vest-Telemark Museum | Prosjektlear Husflidsutstilling

**Norges Husflidslag** Evelyn Utigard | mobil 416 85 397| evelyn@husflid.no |  
Husflidskonsulent avd. Telemark

Følg oss gjerne på sosiale media:

[Instagram @husflid\\_handverk\\_design\\_dyrsku](#)

[facebookgruppa «Husflid, handverk og design på Dyrsku'n».](#)